



Odd Bjarne Vigre syng i Vertshuset i kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Stavanger-trubaduren Odd Bjarne Vigre var invitert av sin gode venn Morten Nilsen til å opptre i Vertshuset i kveld og det var eit vellukka oppdrag sjølv om akustikken i lokalet er ein utfordring både for trubadurar og andre.

Det kom rundt rekna 100 og innslaget var stort både av kvinnheringar og feriegjestar.

Vigre har eit stort repertoar både av egne og andres songar under ein vid vignett som vel må kallast poprock.. Tiltross for at han er berre 31 har han no 8 år bak seg som omtykt songar i heimemiljøet og det stoppar nok ikkje der.

Men Vigre fortel til uskedalen.no at framtidsmålet hans ikkje er å bli heiltidstrubadur. Han skal bli lærar og tek til med spesialpedstudiet til hausten.

Når det så gjeld akustikken i det aktuelle lokalet er det ikkje lett å trenga igjennom lydmessig sjølv om Vigre har ei gjennomtrengande røyst. Han hadde fortent ein betre arena enn den han hadde ikveld, men gjorde det beste utav det. Og det var slett ikkje lite!

Så er spørsmålet: Kan det gjerast noko med akustikken i Vertshuset - med enkle midlar?

Til dei som måtte vera litt forvirra bør det opplysast at Odd Bjarne Vigre også har eit artistnam - Peter Parker. Han har framleis ikkje lagt det heilt på hylla.

Av Ola Matti Mathisen